



Saksmappe: 2021/151
Sakshandsamar: LEF
Dato: 04.12.2022

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
154/22	Plan, miljø- og ressursutvalet	13.12.2022
76/22	Kommunestyret	15.12.2022
9/23	Kommunestyret	09.02.2023

Flaumsonekartlegging i Otra

Kommunestyret si handsaming av sak 9/2023 i møte den 09.02.2023:

Handsaming:

Innstillinga frå PMR blei samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Ny flausonekartlegging for Otra, Åraksfjorden og Byglandsfjorden, jfr. rapport med vedlegg frå Norconsult AS datert 15.11.2022 blir lagt til grunn i staden for flaumhøgder som går fram av NVE sitt aktsomhetskart for flaum og flaumhøgder som går fram av Strandsoneplanen (s.13)
2. Ny flaumsonekartlegging med klimapåslag og tryggleiksmargin på + 30 cm blir frå vedtaksdato lagt til grunn i vidare arbeid med kommuneplanens arealdel og skal leggest til grunn ved sakshandsaming av planar og søknader om nye tiltak og frådelingar etter plan- og bygningsloven.

Ny sikker byggehøgde langs Otra, gjeldande frå vedtaksdato i kommunestyret, 15.12.2022, blir slik:

Sikkerhetsklasse	Sikker byggehøyde langs Åraksfjorden (moh.)	Sikker byggehøyde langs Byglandsfjorden (moh.)
F1	204,87	204,19
F2	206,73	205,41
F3	206,93	205,58

3. Kommunen som eigar av kommunal teknisk infrastruktur og som beredskapsansvarleg må skaffe seg oversikt over kva offentlege og private bygg og anlegg som ligg i områder som er utsett for flaum.

Kommunestyret si handsaming av sak 76/2022 i møte den 15.12.2022:

Handsaming:

Framlegg frå ordførar: Saka blir utsett.

Røysting over framlegget frå ordførar: 14 røyster for ordføraren sitt utsettingsframlegg 1 røysta mot (Kim Andre N. Thorstensen).

Vedtak:

Saka blir utsett.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 154/2022 i møte den 13.12.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Innstilling til KST:

- 1) Ny flausonekartlegging for Otra, Åraksfjorden og Byglandsfjorden, jfr. rapport med vedlegg frå Norconsult AS datert 15.11.2022 blir lagt til grunn i staden for flaumhøgder som går fram av NVE sitt aktsomhetskart for flaum og flaumhøgder som går fram av Strandsoneplanen (s.13)
- 2) Ny flaumsonekartlegging med klimapåslag og tryggleiksmargin på + 30 cm blir frå vedtaksdato lagt til grunn i vidare arbeid med kommuneplanens arealdel og skal leggst til grunn ved sakshandsaming av planar og søknader om nye tiltak og frådelingar etter plan- og bygningsloven.

Ny sikker byggehøgde langs Otra, gjeldande frå vedtaksdato i kommunestyret, 15.12.2022, blir slik:

Sikkerhetsklasse	Sikker byggehøyde langs Åraksfjorden (moh.)	Sikker byggehøyde langs Byglandsfjorden (moh.)
F1	204,87	204,19
F2	206,73	205,41
F3	206,93	205,58

- 3) Kommunen som eigar av kommunal teknisk infrastruktur og som beredskapsansvarleg må skaffe seg oversikt over kva offentlege og private bygg og anlegg som ligg i områder som er utsett for flaum.

Kommunedirektøren si innstilling:

- 1) Ny flausonekartlegging for Otra, Åraksfjorden og Byglandsfjorden, jfr. rapport med vedlegg frå Norconsult AS datert 15.11.2022 blir lagt til grunn i staden for flaumhøgder som går fram av NVE sitt aktsomhetskart for flaum og flaumhøgder som går fram av Strandsoneplanen (s.13)

- 2) Ny flaumsonekartlegging med klimapåslag og tryggleiksmargin på + 30 cm blir frå vedtaksdato lagt til grunn i vidare arbeid med kommuneplanens arealdel og skal leggest til grunn ved sakshandsaming av planar og søknader om nye tiltak og frådelingar etter plan- og bygningsloven.

Ny sikker byggehøgde langs Otra, gjeldande frå vedtaksdato i kommunestyret, 15.12.2022, blir slik:

Sikkerhetsklasse	Sikker byggehøyde langs Araksfjorden (moh.)	Sikker byggehøyde langs Byglandsfjorden (moh.)
F1	204,87	204,19
F2	206,73	205,41
F3	206,93	205,58

- 3) Kommunen som eigar av kommunal teknisk infrastruktur og som beredskapsansvarleg må skaffe seg oversikt over kva offentlege og private bygg og anlegg som ligg i områder som er utsett for flaum.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Kommunen som bygningsmynde har eit ansvar for å sjå til at det ikkje blir godkjent planar for utbygging eller gitt løyve til tiltak eller frådeling av areal i områder som ikkje er tilstrekkelig sikra mot naturfare.

Bygland kommune har engasjert Norconsult AS for å gjennomføre en flomsonekartlegging av Otra på strekinga Ose bru til Byglandsfjord dam. Rapporten for flomsonekartlegginga var klar no i slutten av oktober 2022 og styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel hadde ein grundig gjennomgang med Norconsult As sin sivilingenør i vassdragsteknikk, Gunnar Fiskum, v.h.a Teams i møte den 15.11.2022.

Rapporten og flaumsonekarta gir verdifull informasjon for å dokumentere om tryggleikskrava for flaumfare er oppfylt. I tillegg kan karta nyttast som grunnlag for sikringstiltak, flaumvarsling og i beredskapsplanlegginga.

For å sikre likebehandling av planhandsaming og søknader om tiltak og deling langs Otra og for å ruste seg for framtida med dei klimaendringane som er venta, vil ein tilrå at flaumsonekartlegging frå Norconsult AS av 15.11.2022 blir lagt til grunn ved handsaming av plansaker, bygge- og delesaker fram til arealdelen av kommuneplanen er ferdig truleg sommar/tidleg haust 2023.

Konsekvensen for kommunen kan ellers bli erstatningsansvar.

Bakgrunn for saka

Kommunen som bygningsmynde har eit ansvar for å sjå til at det ikkje blir godkjent planar for utbygging eller gitt løyve til tiltak eller frådelling av areal i områder som ikkje er tilstrekkelig sikra mot naturfare.

Flaumfare i Otra har i mange år vore eit tema, samstundes som det er attraktivt å kunne bygge nærmast mogleg vasskanten må ein vere merksam på at dette også kan medføre fare og ulempe.

I 2014 fekk Bygland kommune utarbeidd ei flaumvurdering som oppgav sikker byggehøder for ulike type bygg. Denne vurderinga blei lagt inn i kommunedelplanen Strandsoneplanen. (<https://www.bygland.kommune.no/strandsoneplan.547397.nn.html> side 13)

I 2018 utarbeidde NVE ein klimarapport som tilseier at ein i framtida må påreikne 20% meir vassføring i vårt område. Kommunens flaumvurdering frå 2014 var difor oppjustert til flaumvurdering med klimapåslag i slutten av 2018.

Verdiane frå 2014 og 2018 hadde ikkje teke høgde for tryggleiksmargin og Plan-, miljø- og ressursutvalet vedtok difor i møte den 7.6.2022, sak 86/22 at flaumvurdering frå 2018 med tillegg av tryggleiksmargin på 0,5 m skal leggest til grunn ved søknader om løyve til tiltak og delingsløyver etter plan- og bygningsloven fram til ny flaumsonekartlegging var ferdig i slutten av oktober 2022.

I juni 2020 fekk Bygland kommune kr. 263.000,- i skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren til flaumførebygging. Nabokommunane våre, Evje og Hornnes, Iveland og Vennesla fekk tilsvarande. Evje og Hornnes, Iveland og Vennesla gjekk saman og engasjerte Norconsult AS i oktober 2020 til å gjennomføre ei flomsonekartlegging av Otra på strekninga Byglandsfjord dam til kommunegrensa Vennesla- Kristiansand. Kommunestyret i Evje og Hornnes gjorde i april 2021 vedtak om å legge ny flaumsonekartlegging til grunn for all vidare arealplanlegging og byggesaksbehandling, inkludert med tryggleiksmargin på 30 cm, i samsvar med anbefalinga frå Norconsult AS.

Bygland kommune engasjerte også Norconsult AS i juni 2022 som konsulent for å gjennomføre ei flomsonekartlegging av Otra på strekninga Ose bru til Byglandsfjord dam. Rapporten for flomsonekartlegginga var klar no i slutten av oktober 2022 og styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel hadde ein grundig gjennomgang med Norconsult AS sin sivilingeniør i vassdragsteknikk, Gunnar Fiskum, v.h.a Teams i møte den 15.11.2022.

Vedlagt fylgjer flomsonekartlegginga med tilhøyrande djubdekart for strekninga Ose bru – Byglandsfjord dam. I byrjinga av rapporten, på side 3, finn vi eit samandrag og ein tabell som syner kva som er vurdert som sikker byggehøgde inkl. 30 cm tryggleiksmargin.

Sikkerhetsklasse	Sikker byggehøyde langs Araksfjorden (moh.)	Sikker byggehøyde langs Byglandsfjorden (moh.)
F1	204,87	204,19
F2	206,73	205,41
F3	206,93	205,58

Rapporten er på mange sider og det er også mange vedlegg, det er verd å merke seg at vedlagte flomsonekart er frå nord til sør og dela inn som følgjande:

- 20-års flaum
- 200-års flaum utan klimapåslag
- 200-års flaum med klimapåslag
- 1000-års flaum utan klimapåslag
- 1000-års flaum med klimapåslag

Rapporten gjer ellers greie for flaumbereikning og hydraulisk grunnlag, reguleringsanlegg i anslayseområdet, hydraulisk vannlinjemodell, resultat og konklusjon og diskusjon av resultatet.

Flaumsonekarta gir verdifull informasjon for å dokumentere om tryggleikskrava for flaumfare er oppfylt. I tillegg kan karta nyttast som grunnlag for sikringstiltak, flaumvarsling og i beredskapsplanlegginga.

Det er vidare verd å merke seg at krav til tryggleik mot naturpåkjenning også gjeld ved utviding og endring av eksisterande bebyggelse og oppretting og endring av eigedom. Ved oppattbygging etter brann gjeld same krav til tryggleik mot naturfare som for nye tiltak. Det er gjort unntak for mindre tiltak, det kan bli godkjent eit tilbygg på inntil 50 m² BRA i bygget si levetid og det kan bli gitt løyve til bruksendring for inntil 50 m² BRA på vilkår av at tiltaket ikkje fører oppretting av ny brukseining eller til redusert persontryggleik.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningsloven § 28-1 og § 29-5,
jfr. Byggteknisk forskrift §§ 7-1 og 7-2, §§ 10-1 og 10-2, §§ 13-9, 13-10, 13-11 og 13-12 og § 15-8.

§ 29-5. Tekniske krav

Ethvert tiltak skal prosjekteres og utføres slik at det ferdige tiltaket oppfyller krav til sikkerhet, helse, miljø, energi og bærekraftighet, og slik at vern av liv og materielle verdier ivaretas.

Bygning med oppholdsrom for mennesker skal prosjekteres og utføres slik at krav til forsvarlig energibruk, planløsning og innemiljø, herunder utsyn, lysforhold, isolasjon, oppvarming, ventilasjon og brannsikring mv., blir oppfylt.

For å sikre at ethvert tiltak får en forsvarlig og tilsiktet levetid, skal det ved prosjektering og utførelse tas særlig hensyn til geografiske forskjeller og klimatiske forhold på stedet.

§ 28-1. Byggegrunn, miljøforhold mv.

Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak.

For grunn som ikke er tilstrekkelig sikker, skal kommunen om nødvendig nedlegge forbud mot opprettelse eller endring av eiendom eller oppføring av byggverk, eller stille særlige krav til byggegrunn, bebyggelse og uteareal.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om sikkerhetsnivå og krav til undersøkelser, sikringstiltak for person eller eiendom, dokumentasjon av tiltaket og særskilte sikringstiltak.

Link til Byggteknisk forskrift § 7-1 og 7-2 med rettleiing.

- <https://dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/7/7-1/>
- <https://dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/7/7-2/>

Direktoratet for byggkvalitet (Dibk) har laga ein rettleiar om **utbygging i fareområder**.
<https://dibk.no/saksbehandling-tilsyn-og-kontroll/temaveiledning-utbygging-i-fareomrader/1.-klimaendringer/>

Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/samfunnssikkerhet-i-planlegging-og-byggesaksbehandling/id2616041/?ch=1>

Vurderingar og konsekvensar

For å sikre likebehandling av byggesøknader langs Otra og å ruste seg for framtida med dei klimaendringane som er venta, vil ein tilrå at flaumsonkartlegging frå Norconsult AS av 15.11.2022 blir lagt til grunn ved handsaming av plansaker, bygge- og delesaker fram til arealdelen av kommuneplanen er ferdig truleg sommar/tidleg haust 2023.

Konsekvensen for kommunen kan ellers bli erstatningsansvar for å ta for lett på undersøkingsplikten.

Bygland, **04.12.2022**

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Flomkartlegging langs Åraksfjorden og Byglandsfjorden2
- 2 Bilag 1_Oversiktskart
- 3 Bilag 2_Flomsonekart

- 4 Bilag 3_Infrastruktur i vassdraget
- 5 Damteikningar
- 6 Bilag 5_Frekvenskurver
- 7 Bilag 6_Batymetrioppmåling

Melding om vedtak blir sendt til:

Statsforvaltaren i Agder
Agder Fylkeskommune
Statens Vegvesen
NVE
Otteraaens brugseierforening

Bygland kommune si heimeside og til sakshandsamerar i kommunen